



# ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Hillestadheia. Foto: Tonje Rames Trædal

## Plan for idrett og fysisk aktivitet i Åmli kommune 2020-2024

Revisjon av plan 2015-2019

Vedtatt av kommunestyret sak 19/122      19.12.2019

# INNHALD:

<b>Forord</b> .....	<b>4</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>Innleiing og bakgrunn for planen</b> .....	<b>4</b>
<b>Planprosess</b> .....	<b>5</b>
<b>Del 1</b> .....	<b>6</b>
<b>1 Utviklingstrekk innan idrett og fysisk aktivitet</b> .....	<b>6</b>
1.1 <i>Nasjonale trendar innan idrett, friluftsliv og folkehelse</i> .....	6
<b>2 Generelle utviklingstrekk i Åmli</b> .....	<b>9</b>
2.1 <i>Demografi og geografi</i> .....	9
2.2 <i>Folkehelse</i> .....	10
2.3 <i>Resultat frå ungdagsundersøkinga 2019</i> .....	12
<b>3 Sentrale styringssignalar for idrett og fysisk aktivitet</b> .....	<b>13</b>
3.1 <i>Fysisk aktivitet</i> .....	13
3.2 <i>Folkehelse</i> .....	13
3.3 <i>Idrett</i> .....	13
3.4 <i>Friluftsliv</i> .....	14
3.5 <i>Frivilligheit</i> .....	14
3.6 <i>Utjamning av sosioøkonomiske ulikheiter i idrett og fysisk aktivitet</i> .....	15
3.7 <i>Regionale føringar</i> .....	15
<b>4 Kommunens idretts- og friluftspolitikk</b> .....	<b>17</b>
4.1 <i>Målsetting for arbeid med idrett og friluftsliv i Åmli kommune</i> .....	17
4.1.1 <i>FOLKEHELSE</i> .....	17
4.1.2 <i>FRILUFTSLIV</i> .....	18
4.1.3 <i>IDRETT</i> .....	18
4.1.4 <i>SAMARBEID MED FRIVILLIG SEKTOR</i> .....	18
4.1.5 <i>TILTAK FOR Å UTJAMNE SOSIALE ULIKHETER</i> .....	18
4.1.6 <i>INFORMASJON OG MARKNADSFØRING</i> .....	18
<b>5 Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt</b> .....	<b>19</b>
<b>6 Vurdering av nåsituasjonen for kommunen</b> .....	<b>21</b>
6.1 <i>Kommunale tiltak og prosjekt retta mot barn og unge</i> .....	21
6.2 <i>lag og organisasjonar</i> .....	21
6.3 <i>Idretts- og anleggssituasjonen i Åmli</i> .....	22
6.4 <i>Friluftsliv – aktivitet, anlegg og planar</i> .....	26
6.5 <i>Fysiske og sosiale møteplassar</i> .....	28
<b>7 Konsekvensutgreiingar</b> .....	<b>29</b>
7.1 <i>Ansvar og eigarforhold til idrettsanlegg</i> .....	29
7.2 <i>Kapasitet og retningslinjer for utleige av idrettsanlegg</i> .....	29
7.3 <i>Aktivitetstilbod og behov</i> .....	30
7.4 <i>Universell utforming</i> .....	30

<b>8</b>	<b>Vurdering av framtidige behov og tiltak innan idrett og fysisk aktivitet .....</b>	<b>31</b>
8.1	<i>Anlegg for idrett og fysisk aktivitet.....</i>	31
8.2	<i>Annan tilrettelegging.....</i>	32
<b>Del 2.....</b>		<b>33</b>
<b>1</b>	<b>Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.....</b>	<b>33</b>
<b>2</b>	<b>Idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsområde i Åmli kommune registrert i anleggsregisteret.no</b>	
	<b>35</b>	



Frå sykkelvegen mellom Åmli og Treungen. Foto: Siri Hafnor



## Forord

Alle kommunar er pålagt å ha ein plan for idrett og fysisk aktivitet. Idrettsanlegg og friluftsanlegg som det skal søkast spelemidlar til må vere innarbeidd i ein slik plan. Planen må vere politisk vedtatt. Plan for idrett og fysisk aktivitet er eit plandokument som skal brukast av politikarar, idrettslag, tilsette i administrasjonen, vellag og andre. Brukarane må ta omsyn til planen når det skal planleggast nye idrettsanlegg, rehabilitering av gamle anlegg, eller det skal leggast til rette for nye friluftsområde.

## Samandrag

Det offentlege skal bidra til bygging og rehabilitering av infrastruktur, slik at flest mogleg kan drive med idrett og fysisk aktivitet. Kommune har ikkje ansvar for å etablere anlegg for alle typar særiddrettar og ferdigheitsnivå i alle lokale samanhengar. Dei viktigaste målgruppene er barn og ungdom, personar med nedsett funksjonsevne og fysisk inaktive. Barn skal sikrast eit allsidig tilbod om idrett og fysisk aktivitet. For ungdom tar ein sikte på å utvikle anlegg som tilfredsstillar ungdommens behov for utfordringar og variasjon, ikkje minst tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet.

Folkehelse er ein stadig viktigare del av den offentlege satsinga på idrett og fysisk aktivitet. Målsettinga er at befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale helseforskjellar. Eit viktig verkemiddel er å tilrettelegge for lavterskeltiobod i nærmiljøet og eigenorganisert aktivitet. Turstiar og skiløyper har potensiale for å gi fysisk aktivitet for eit bredt spekter av befolkninga. Det er fokus på utvikling av nærmiljøanlegg i tilknytning til bustadområde og skulane sine uterom, samt legge til rette for sosiale møtestader.

Det er også viktig med godt vedlikehald og gode rutinar for bruk av eksisterande anlegg. Gamle og nye anlegg bør tilretteleggast for universell utforming. Etterbruk av bygningar og anlegg etter Tvedestrand og Åmli vidaregåande skule bør avklarast i lys av den totale anleggskapasiteten og anleggsbehovet i Åmli. Ein bør sjå på moglegheiter for interkommunalt samarbeid rundt anlegg med geografisk utstrekning, som sykkelveggar, turstiar og padleanlegg.

## Innleiing og bakgrunn for planen

Denne planen får status som kommunedelplan, og er ein revisjon av eksisterande "*plan for idrettsanlegg, fysisk aktivitet og friluftsområde i Åmli kommune 2015-2019*". Den reviderte planen har fått tittelen "*Plan for idrett og fysisk aktivitet i Åmli kommune 2020-2024*", og følgjer Kulturdepartementets veileder til Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet frå 2014. Kulturdepartementet har her valt å la friluftsliv inngå i omgrepet fysisk aktivitet. *Fysisk aktivitet* er forstått som eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar, herunder friluftsliv og aktivitetar prega av lek. *Friluftsliv* er definert i st. meld nr. 39 (2000-2001) som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. Definisjonen omfattar ikkje motorferdsel i utmark og på vassdrag, idrett og andre konkurranse- og prestasjonsprega aktivitetar. Med *idrett* meinerst aktivitetar i form av trening, eller konkurranse i den organiserte idretten. Denne planen skal omfatte strategiar, organisering, område og anlegg alle desse nemnde typane aktivitetar.

Ein revisjon er ein fullstendig gjennomgang av planen med sakshandsaming etter plan- og bygningslova sine bestemmingar. Revisjon skal normalt gjennomførast ein gong i kvar planperiode. I tillegg bør handlingsprogrammet rullerast i løpet av planperioden, i samband med kommunestyrets årlege prioritering av spelemiddelsøknader.

Kommunedelplan for idrettsanlegg og friluftsområde i Åmli Kommune skal mellom anna bidra til å:

- Målstyre utbygginga og utviklinga av anlegg og områder
- Sikre areal for lek, rekreasjon, friluftsliv og idrettsaktivitetar
- Sikre oppretthalding og utvikling av aktivitetar for alle, særskild born, unge, funksjonshemma og eldre.



- Være eit godkjend system for finansiering av utbygging med spelemiddel i tråd med statlege plankrav
- Gi gode rutinar for drift og vedlikehald
- Avklare kva som er kommunen og organisasjonane si oppgåve og ansvar ved utbygging og drift av anlegg og områder for idrett, friluft og fysisk aktivitet.
- Samordne satsingsområde med andre verksemdar som kan knytast til idrett og fysisk aktivitet.
- Følgje dei rikspolitiske retningslinjer for born og unge.
- Bevisstgjer av kommunen og organisasjonane si rolle i dette arbeidet.

## Planprosess

Planprogram til plan for idrett og fysisk aktivitet i Åmli kommune blei vedtatt 31.10.2019. Det er invitert til møte med ulike interessegrupper og kompetansmiljø i utarbeidinga av planforslaget. Planforslaget blei sendt til høyring 21.10.2019, med høyringsfrist 21.11. 2019.

Arbeidsgruppa har bestått av:

Tonje Ramse Trædal - Kulturrådgivar (prosjektleiar), Nils Kåre Håkedal - SLT-koordinator, Randi Skogly – Fokkehelsekoordinator, Kjetil Nese – Kommuneingeniør, Kari Hagelia Olstad – Jordbruks- og næringsrådgivar, Anja Mogensen Mølmen – Kommunestyrepolitikar og medlem av utemiljøgruppa i FAU, Elin Sollman – Skole- og barnehagefaglig rådgivar.



Ut på tur med Beverborga barnehage

## Del 1


### 1 Utviklingstrekk innan idrett og fysisk aktivitet

#### 1.1 Nasjonale trendar innan idrett, friluftsliv og folkehelse

- Aktivitetsnivået i befolkninga viser ei negativ utvikling.
- Fysisk inaktivitet rammar sosialt skeivt og bidreg til auka sosiale forskjellar i aktivitetsnivå og helse.
- Mindre kvardagsaktivitet betyr at ein må planlegge fysisk aktivitet på fritida. Kvaliteten i folks fysiske miljø påverkar graden av leik, mosjon og fysisk aktivitet.
- Idretten aktiviserer fleirtalet av barn og unge opp til tidleg tenåringsalder, men viser stort fråfall etter dette.
- Idretten aktiviserer ein liten del av den vaksne befolkninga, og eigenorganiserte mosjonsaktivitetar aukar for alle aldersgrupper.
- Tenåringar og vaksne er meir aktive på fritida enn tidlegare, og eigentrening i treningsstudio, aktivitetar i basseng, på sykkel, ski og friluftaktivitetar har auka oppslutning.
- Bruken av idrettsanlegg er i endring. Bruk av turstiar, private helsestudio, lysløyper og vekt- og styrkerom aukar. Dette er anleggstypar som er opne og lett tilgjengelege for individuell bruk. Ein mindre del av befolkninga brukar tradisjonelle idrettsanlegg.
- Det er vanskelegare å få folk med på dugnad.
- Høge kontingentar og dyrt utstyr er eit hindre for deltaking.
- Det er lågare deltaking i idretten frå mange innvandrargrupper.

#### Utviklingstrekk innan idrett og fysisk aktivitet på Agder


Den mest populære friluftaktiviteten i Noreg og på Agder er kortare turar i nærområdet og turar i skog og mark. Tala er henta frå kommuneplanen 2019-2031, basert på Agdertall 2018 og SSB.



Ein av tre på Agder deltar i organiserte aktivitetar kvar veke eller oftare, og rundt halvparten av befolkninga deltar i uorganisert aktivitet. Dette er omtrent som landsgjennomsnittet.




Tal frå Aust-Agder idrettskrest viser god gratis tilgang til offentlege idrettsanlegg for barn og unge, og noko lågare for den vaksne befolkninga. Åmli er ikkje med i desse tale, då det er rapportert frå idrettsråda i kommunane. Åmli har ikkje idrettsråd.




Aust-Agder idrettskrets sin oversikt (Åmli er ikkje med jfr over) viser at det er best tilgang til fotballbaner og idrettshallar, og dårlegast tilgang til svømmehallar og isanlegg. Åmli skorar truleg høgare enn resten av fylket på desse to punkta.

### HVORDAN OPPLEVER IDRETTSRÅDET ANLEGGSSITUASJONEN I KOMMUNEN?



Av dei idrettsanlegga flest idrettsråd ønsker seg på Agder, ligg svømmeanlegg, turnanlegg og idrettshallar/fleirbrukshallar og langrenns-/skiløyper. Andre populære anlegg er arenaer for rulleski, bogeskyting, friidrett, cricket, orientering, curling, kunstisflater, tennisanlegg, motorsport og hestesportsanlegg.

### HVILKE 3 IDRETTSANLEGG ØNSKER IDRETTSRÅDET SEG? (MINIMUM 1 OG MAKS 3 SVARALTERNATIVER)






## 2 Generelle utviklingstrekk i Åmli

### 2.1 Demografi og geografi


Utvilinga i folketal har vore stabil dei siste 10 åra. Framskrivning av folketalet er på 1903 innbyggjarar i 2030 og 1923 i 2040 (ssb.no).

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Innbyggertall	1 836	1 855	1 861	1 829	1 825	1 815	1 810	1 832	1 847	1 856	1 845

Befolkningsframskrivinga viser at vi står framfor ei aldrande befolkning, både nasjonalt og lokalt på Agder. Over 40% av den samla forventa veksten i folketal fram mot 2040 vil komme i aldersgruppa 67+




Åmli har noko høgare andel menn og høgare snittalder enn land forøvring. Det er ein overvekt i aldersklassen 40-70 år.



Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyrå


Eit generelt trekk er at kommunesentra veks, og den største befolkningsauka kjem der det bur flest frå før. Dette gjeld også Åmli sentrum. Den svakaste veksten i folketalet finn vi i Øvrebygda.




## 2.2 Folkehelse

Folkehelse er samfunnets innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel i befolkinga. Dette omfattar mellom anna førebygging av psykiske og fysiske sjukdommar, skader eller lidningar og vern mot helsetrugs mål, samt arbeid for jamn fordeling av faktorar som påverkar helse i befolkinga i forhold til økonomi, geografi og sosiokulturelle faktorar.


Forventa levealder for menn i Aust-Agder er 78,9 år (79,6 nasjonalt). Dei siste 30 åra har alle grupper i landet fått betre helse, men størst framgang har kome i gruppa med høg utdanning og høg inntekt. Forskjellen i forventa levealder mellom dei som har grunnskule som høgste utdanning og dei som har vidaregåande eller høgare utdanning er 5,9 år i Aust-Agder (5,0 år nasjonalt).



7% av familiene i Åmli er definert som låginnteksthushaldningar, dvs. med mindre enn 60% av medianinntekta. Dette er noko høgare enn landssnittet. Nasjonalt har ein hovudvekt av låginnteksthushaldningar innvandrarbakgrunn, medan det på Agder er ein større del av etnisk norske familiar i denne gruppa.



10% av befolkninga i Åmli i alderen 15-29 år har teikn på psykiske plager ved kontakt med fastlege eller legevakt. Dette er høgare enn landsnivået. Psykiske plager er ein av dei viktigaste årsakene til tidleg uførheit og redusert yrkesaktivitet blant ungdom.



## 2.3 Resultat frå ungdomsundersøkinga 2019

Ungdata er ei årleg nasjonal undersøking for barn og unge på ungdomstrinnet og i vidaregåande skule. Tala nedanfor er henta frå utvalde spørsmål for ungdomstrinnet, og viser utvikling i prosent frå 2014-2019.

Andel av ungdommar som rapporterer at dei er med i lag og foreiningar er noko synkende, og andelen som er med i idrettslag og kulturskule i denne aldersgruppa viser ein sterk nedgang. Fleire med i religiøse foreiningar, truleg ungdomstilbodet på menighetssenteret. Fleire er også med i andre organisasjonar. Her kjem til dømes Åmli og Nissedal motorklubb, Åmli speidergruppe, Nelaug Paintballklubb og Åmli trav- og hestesportsklubb.

Fleire rapporterer at dei har ungdomsarenaer/fritidsklubbar tilgjengelege. Igjen er det truleg tilbodet på menighetssenteret som gjer høge utslag. Det er ein nedgang i bruken av idrettsanlegg blant unge.

Færre rapporterer at dei er jamleg fysisk aktive. Færre trener eller konkurrerer i idrettslag, medan fleire trener eller trimmar på eigenhand. Dette stemmer med dei nasjonale trendane.

Ungdomstrinnet:	2014	2016	2019
<b>Er du, eller har du tidligere vært, med i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?</b>			
Ja, jeg er med nå	69	67	54
Nei, men jeg har vært med tidligere	19	22	33
Nei, jeg har aldri vært med	11	10	13
<b>Prosentandel som den siste måneden har vært med på aktiviteter i...</b>			
Idrettslag	67	62	40
Fritidsklubb/ungdomshus/ ungdomsklubb	72	76	68
Religiøs forening	36	38	43
Korps, kor, orkester	3	2	2
Kulturskole/musikkskole	29	15	9
Annen organisasjon, lag eller forening	26	45	40
<b>Prosentandel som opplever at tilbudet til ungdom er bra når det gjelder ...</b>			
Lokaler for å treffe andre unge på fritida (fritidsklubb, ungdomshus e.l.)	44	60	70
Idrettsanlegg	69	59	45
Kulturtilbudet (kino, konsertscener, bibliotek e.l.)	34	33	30
Kollektivtilbudet (buss, tog, trikk e.l.)	18	22	32
<b>Hvor ofte er du så fysisk aktiv at du blir andpusten eller svett?</b>			
Minst 3 ganger i uka	69	61	44
1-2 ganger i uka	19	28	38
1-2 ganger i måneden	3	3	4
Sjelden/aldri	8	8	15
<b>Prosentandel som minst et par ganger måneden trener på følgende arenaer</b>			
Trener eller konkurrerer i et idrettslag	45	50	38
Trener på treningsstudio eller helsestudio	26	31	30
Driver med annen organisert trening (dans, kampsport e.l.)	15	17	19
Trener eller trimmer på egen hånd (løper, svømmer, sykler, går tur)	67	72	73





Aktivitet i Åmli og Nissedal motorklubb på Langmoen. Foto: Tonje Ramse Trædal

## 3 Sentrale styringsignal for idrett og fysisk aktivitet

### 3.1 Fysisk aktivitet

I *norske anbefalinger for ernæring og fysisk aktivitet (2005)* fra Sosial- og Helsedirektoratet heiter det at: Barn og unge bør få vere fysisk aktive minimum 60 minutt kvar dag. Variert fysisk aktivitet og bevegelseserfaring er nødvendig for barnas utvikling av ferdigheiter og motorikk. Alle vaksne bør vere fysisk aktive med moderat og/eller høg intensitet, f. eks. hurtig gange iminimum 30 minutt kvar dag. Fysisk aktivitet utover dette vil resultere i ytterligere helsegevinst. Godt vaksne og eldre må ha likeverdige moglegheiter til fysisk aktivitet og kvardagsaktivitet. Tilpassa og tilgjengelige aktivitetstilbod er viktig.

*Nasjonal transportplan 2014-2020 (NTP)* – styrket innsats for fotgjengere og økt bruk av sykkel NTP legg vekt på at fleire skal reise kollektivt, sykle eller gå. Dette inneber auka satsing på trygge og trafiksikre gang- og sykkelveggar i lokalsamfunnet.

### 3.2 Folkehelse

*Stortingsmelding nr. 19 (2014-2015) – Folkehelsemeldingen – Mestring og muligheter.* Regjeringa vil utvikle ein folkehelsepolitikk som skapar moglegheiter for kvar enkelt til å ta ansvar for eiga helse. Det skal settast i gang utviklingsarbeid i kommunesektoren med sikte på å etablere eit program for folkehelsearbeid i kommunane med vekt på psykisk helse og rusforebyggande arbeid. Agderfylka fekk i juni 2017 melding om at dei saman var blitt med i første gruppe fylke i dette arbeidet.

Fem grunnleggande prinsipp for folkehelsearbeidet er: prinsippet om å utjamne sosiale helseforskjellar, helse i alt vi gjer, berekraftig utvikling, føre-var og medverknad.

### 3.3 Idrett

*St.meld.nr.26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen*, der regjeringa fremjar sin politikk for idrett. Viktige mål og anbefalningar er:

- Idrett og fysisk aktivitet for alle som den overordna visjonen for statlig idrettspolitikk.

- Den samla anleggsmassa skal gi flest mogleg høve til å drive idrett og fysisk aktivitet. Anleggsmassa bør tilpassast aktivitetsprofilen i befolkninga.

Den statlege idrettspolitikken skal bidra til at befolkninga har eit bredt spekter av lokalt forankra aktivitetstilbod, både i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten og gjennom moglegheiter for eigenorganisert aktivitet. Barn og ungdom er primære målgrupper for det statlege engasjementet på idrettsområdet. Barn må sikrast et allsidig tilbod om idrett og fysisk aktivitet. For ungdom tar ein sikte på å utvikle anlegg som tilfredsstillar ungdommens behov for utfordringar og variasjon, ikkje minst tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet. Statleg idrettspolitikk skal også ha fokus på aktivitetstilbod for mindre mobile brukargrupper, inaktive vaksne og personar som av ulike grunnar befinn seg utanfor ordinært arbeidslivet.

Idrettslaga vil vere en svært viktig arena for å skape lokale sosiale nettverk, som bidrar til gode og trygge lokalsamfunn. Idretts- og nærmiljøanlegga bør fungere som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunnet. Regjeringa ønskjer et større fokus på utvikling av nærmiljøanlegg i tilknytning til skulane sine uterom.

#### **Norges Idrettsforbind «Idretten vil» - langtidsplan for norsk idrett 2019-2023:**

- Formål: NIF skal arbeide for at alle får moglegheit til å utøve idrett etter eige ønske og behov, utan å bli utsett for usakleg eller uforholdsmessig forskjellsbehandling.
- Alle skal oppleve idrett, mestring og utvikling i trygge og gode fellesskap
- Satsingsområde: Livslang idrett, betre idrettslag, fleire og betre anlegg, betre toppidrett

#### **Rapport frå Strategiutvalet for idrett (avlevert 8. juni 2016 til Kulturdepartementet) – «Statlig idrettspolitikk inn i en ny tid»** Strategiutvalet foreslår følgande om planlegging av nye idrettsanlegg:

- Gjennomføre gode lokale og regionale behovsvurderingar basert på gode analysar og medverknad.
- Sikre idretts- og aktivitetsmangfald, herunder omsyn til mindre idrettar, eigenorganisert aktivitet, kjønn, alder og universell utforming.
- Stimulere til at idrettsanlegg og område for fysisk aktivitet i størst mogleg grad blir plassert ved skular.
- Stimulere til auka satsing på interkommunale idrettsanlegg.
- Stimulere til nytenking på anleggsområde som i større grad imøtekjem aktivitetstrender.

Aust-Agder Fylkeskommune har slutta seg til desse punkta, og vil prioritere dette i tilbakemeldingar til kommunalt planarbeid og spelemiddelsøknader. Ved utarbeiding av behovsvurdering og idrettsfunksjonell forhandsgodkjenning av ulike typar nærmiljøanlegg ved skular/buområde skal ein ta omsyn til «nye aktivitetsformer». Anlegga må bli attraktive for alle, også for barn/ungdom med annen etnisk bakgrunn, og for barn/unge med funksjonsnedsetting. I planlegginga skal ein også legge til grunn at talet på eldre vil auke i tida framover, og ein bør planlegge bustadnære friluftsområde/turløyper og samlingsstader som passar for alle, gjerne utstyrt med enkle trimapparat.

### **3.4 Friluftsliv**

**St.meld 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kilde til livskvalitet.** Friluftslivet skal vere ein levande og sentral del av norsk kulturarv og identitet, samt ei kjelde til høgare livskvalitet og betre helse for alle. Nye friluftformer og auka bruk av nærfriluftsområder kan skape konflikter. Lovverket for friluftsliv skal forenklast, slik at det blir lettare til å forhalde seg til reglane for ferdsel i utmark.

### **3.5 Frivillighet**

**St.meld.nr. 10 (2018-2019) Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig – den statlege frivilligheitspolitikken.** Brei deltaking i frivillige organisasjonar får enkeltmenneske til å bruke ressursane sine og oppleve mestring i møte med andre. Regjeringa vil støtte opp om frivillige organisasjonar og sikre desse rammevilkår som gir frivillig sektor handlingsrom. Det blir lagt opp til ein opptappingsplan for momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar, samt vudert om meir av dei statlege løyvingane skal gå til driftstilskot og sikring av ei god Frifondordning for barne- og ungdomsorganisasjonar. Det skal bli enklare for frivillige å søke, ta imot og rapportere på offentleg støtte.

### 3.6 **Utjamning av sosioøkonomiske ulikheiter i idrett og fysisk aktivitet**

Rapporten **Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet – en oppdatering og revisjon** er utarbeidd av Gunnar Breivik og Kolbjørn Rafoss ved Norges Idrettshøgskole på vegne av Helsedirektoratet i 2012 (oppdatert 2017). Denne rapporten rettar fokus mot levevaner og fysisk aktivitet i ulike delar av befolkninga.

Ulike grupper kan ha ulike behov både når det gjeld omfang og typar av tiltak for å stimulere til meir fysisk aktivitet. Den største auka innan befolkningas fysiske aktivitet i perioden 1995-2015 er innan styrketrening, langrenn og fotturar på fjell/vidde og skog/mark. Det har også vore ei auke innan aktivitetar som klatring, kiting, rafting, dykking, snowboard, roing og padling, men vi finn ein synkende andel som deltar i organiserte konkurranseidrettar.

Det er fleire innanfor høgare sosiale lag som brukar dei ulike aktivitetsformene. Unntaket er friluftslivsaktiviteter, som er jamt fordelt i forhold til utdanning og inntekt. Fleire nyttar seg av private treningstilbod, medan andelen som trenar i idrettslag er synkende. Denne trenden er tydelegare i byane enn på landsbygda. Fleire menn enn kvinner deltar i idrettslag. Dei idrettsanlegga som aukar mest i bruk er turstiar, private treningssenter, løysløyper, vekt- og styrkerom. Dei største sosioøkonomiske forskjellane viser seg i bruk av private treningssenter og løysløyper, medan svømmebasseng og skyteanlegg skil seg ut gjennom fleire brukarar med lågare sosioøkonomisk bakgrunn.

Rapporten tilrår mellom anna:

- Støtte til eit bredt spektrum av frivillige organisasjonar som legg til rette for friluftsliv og breiddeaktivitet
- Styrking av det kommunale folekehsearbeidet
- Spelemiddeltilskot til fotballbaner og idrettshallar aktiviserer mange barn og unge, men i mindre grad vaksne og eldre. Ein større del bør gå til turstiar/turløyper, løysløyper, park/grøntområder, utmarksareal og vekt/styrkerom for å samsvare med aktivitetsprofilen i befolkninga.
- Svømmebasseng blir hyppig bruk av «breidda» i befolninga, og bør prioriterast med tanke på sosial utjamning, samt svømmeopplæring av barn og unge.

### 3.7 **Regionale føringar**

**Aktive austegder II – Regional plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet – lokale og regionale kulturarenaer AustAgder 2018-2021.**

Denne planen er styrande for Aust-Agder fylkeskommunes arbeid med idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og kulturarenaer, og retningsgivande for kommunanes arbeid på desse felta.

Anlegg for idrett og kultur skal vere tilrettelagt for aktivitet og opplevingar for flest mogleg. Anlegga skal vere tidsriktige, behovsprøvde og kvalitativt gode for idrett, eigenorganisert fysisk aktivitet, friluftsliv og kulturopplevingar. Det er behov for friluftsområde i nærmiljøet. Anlegg for eigenorganisert aktivitet skal byggast ved skular og nær bustadområde. Anlegga skal vere tilpassa behov for barn og unge, og gjenspegle trendar innan fysisk aktivitet uavhengig av kjønn og etnisitet.

Perspektiv som ligg til grunn for planen er:

- Folkehelse som eit berande prinsipp, prega av systematisk og langsiktig innsats på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.
- Inkludering og mangfald – lik moglegheit til å delta i fellesskapet på tvers av kjønn, etnisitet og funksjonsevne. Større breidde i tilbodet for fysisk aktivitet.
- Klima og miljø - ivareta naturmangfald og kulturminne og redusere negative miljøkonsekvensar

Planen inneheld følgjande tiltak:

- Vurder moglegheiter for eit toppidrettstilbod ved Sam Eyde og Tvedestrand og Åmli vgs.
- Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i alle kommunar
- Statleg sikring av friluftsområde i Aust-Agder, vidareføring av arbeid
- Fleire merka stiar i nærmiljøet



- Standardheving og betre tilgjengelegheit til friluftsliv i nærmiljøet
- Gjennoå tilskotsordning til kulturarenaer i Aust-Agder tilpassa behovsbiletet for kulturarenaer i kommunane
- Utarbeide gode behovsanalysar for bygging av større kulturarenaer i Aust-Agder
- Kartlegging av kulturarenaer i Aust-Agder
- Utarbeide gode behovsanalysar for bygging av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Vere pådrivar for bygging av interkommunale anlegg
- Utarbeid gode behovsanalysar ved bygging av nærmiljøanlegg på skular og i bustadområde
- Jobbe for einheitlege kriteringar for kva som er fylkesanlegg/regionanlegg

**Strategi for folkehelse i Aust-Agder 2018-2020 – sammen om god livskvalitet for alle på Agder.**

Denne strategien legg m.a. vekt på

- Gode nærmiljø – sikring av naturområde og tilrettelegging av friluftaktivitetar for alle med turstiar, turopplegg og anlegg for friluftsliv og utvikling av sosiale møteplassar.
- Mestring og trivsel for alle barn og unge – fritidsaktivitetar og tilskotsordningar for kulturaktivitar.
- Forebygge mobbing.
- Redusere sosiale helseforskjellar blant barn og unge – kompetanseheving om sunt og variert kosthald, samarbeid mellom sektorar som arbeider med barn og unge, gratis utlånsordningar for fritidsutstyr
- Prioritert innsats der folkehelse- og levekårsutfordringane er størst – sette inn tiltak på universelle arenaer (barnehage, skule, nærmiljø, samt målretta innsats mot utsette grupper.



Sosial møteplass i stasjonsparken. Foto: Trine Krossbekk Agersborg



## 4 Kommunens idretts- og friluftspolitikk

**Kommuneplan for Åmli kommune 2019-2031**, samfunnsdel (høyringsutkast). To av hovudmåla i denne planen er:

- Berekraftig verdiskaping
  - Samfunnmessig vekst og utvikling
  - God infrastruktur
- Gode bumiljø
  - Gode tenester
  - Ta vare på heile mennesket
  - Mestring og livskvalitet
  
- Innanfor barnehage, skule og vaksenoppløring ønskjer ein å stimulere heile mennesket.
- Flyktningeteneseta vil m.a. fokusere på å legge til rette for eit liv i kommunen på lik line med andre innbyggjarar. Helsestasjonen vil sikre trygg og god oppvekst uansett bakgrunn.
- Helseinstitusjonane vil gi meningsfylt kvardag med aktivitet, omsorg og god livskvalitet.
- Fysioterapitenesta vil gi gode lågterskeltilbod som fremmer bevelsesglede og fysisk aktivitet.
- Habilitering og ressurs vil gi gode og varierte aktivitetstilbod og godt førebyggjande og helsefremmande arbeid.
- Rådmannens stab (folkehelse) vil bringe god helse for alle og redusere sosiale helseforskjellar, skape gode møteplassar på tvers av generasjonar, kulturar og funksjonsnivå og ha god oversikt over forleghelse i kommunen for prioritering av tiltak.
- Samfunnsavdelinga (kultur) vil tilrettelegge for allsidig fritidstilbod, idrett og friluftsliv og gode sosiale og kulturelle møteplassar.

### **Plan for utvikling av folkehelse og levekår i Åmli 2017-2021**

Planen gir ei kartlegging av folkehelsesituasjonen i Åmli, både gjennom positive faktorar som natur og fritidstilbod, og utfordringar som befolkningsutvikling, deltaking i arbeidslivet, trivsel på skulen og psykisk helse/rus. Hovudmåla i planen er å utjamne sosiale helseforskjellar og legge til rette for lengst mogleg aktivitet i eige liv. Planen foreslår fleire tiltak for å oppnå desse måla. Nokre av tiltaka som er relevante for denne planen er:

- Vidareføring av prosjekta «Tidleg innsats og trygg oppvekst», mellom anna med gratis fritidsaktivitet og utstyrsbank (jfr. strategiplan mot barnefattigdom).
- Vidareføring av BTI («bedre tverrfaglig innsas»)
- Vidareføring av babysvømming og massasje for dei yngste
- Tilbod gjennom frisklivssentralen
- Tilbod gjennom frivilligsentralen

### **Opplæringsplan for Åmli kommune 2019-2022**

Planen har mellom anna som overordna mål å stimulere heile mennesket, både sosialt, fysisk, teoretisk og praktis. Alle skal oppleve trygghet i inne- og utemiljøet og på skulevegen. For å oppnå dette vil ein mellom anna stimulere til friminuttsaktivitetar som er opne for alle og ha gode utemiljø som stimulerer til allsidig aktivitet.

#### 4.1 Målsetting for arbeid med idrett og friluftsliv i Åmli kommune

Med utgangspunkt i gjeldande overordna sentrale og lokale føringar, er Åmli kommunes overordna mål for arbeid med idrett og friluftsliv følgjande:

##### 4.1.1 FOLKEHELSE

Kommunen ønskjer å legge til rette for eigenorganisert kvardagsaktivitet med trygge gang/sykkelvegar, turløyper sommar og vinter og turmoglegheiter i nærmiljøet. Utvikle sosiale møteplassar og medverknad for alle grupper i befolkninga.

#### 4.1.2 FRILUFTSLIV

Kommunen ønsker å arbeide for å sikre verdifulle natur- og friluftsområde, tilrettelegge for friluftsliv i nærmiljøet og styrke interesse for friluftsliv.

#### 4.1.3 IDRETT

Kommunen ønsker å legge til rette for eit bredt aktivitetstilbod for ulike alders- og brukargrupper, med hovudvekt på barn og ungdom, personar med nedsett funksjonsevne og fysisk inaktive. Det er eit mål å oppdatere, vedlikehalde og vidareutvikle nye og gamle anlegg i tråd med aktivitetstrendar, behov og bruksområde. Det bør sikrast gode rutinar/retningsliner og oversikt over utleige/utlån av idrettsanlegg.

#### 4.1.4 SAMARBEID MED FRIVILLIG SEKTOR

Kommunen ønsker å støtte opp under dugnadsarbeid og frivillig arbeid gjennom tilskot til lag og organisasjonar, utlån av bygningar og anlegg, hjelp til søknadsarbeid, partnerskapsavtalar, samarbeidsfora og tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom kommunen og frivillig sektor.

#### 4.1.5 TILTAK FOR Å UTJAMNE SOSIALE ULIKHITER

Kommunen ønsker å legge til rette for lågterskeltilbod for ulike alders- og brukargrupper. Det bør vere tilgjengelege og inkluderande aktivitetstilbod med lav kostnad, og kommunen vil aktivt bruke av støtteordningar mot barnefattigdom. Det er viktig med tverrfagleg samarbeid mellom kultur, helse, skule, barnehagar, frivilligsentral og andre.

#### 4.1.6 INFORMASJON OG MARKNADSFØRING

Dei som er lite aktive nyttar ikkje tilbod dei ikkje veit om. Det same gjeld turistar og tilreisande til kommunen. Det er difor viktig å sørge for god informasjon gjennom skilting, merking, turkart og brosjyrar. Eit formidlingssenter for verneområde kan vere eit godt utgangspunkt for informasjon om turar, friluftsliv og aktivitetstilbod i kommunen, i tillegg til natur og kulturhistorie.



Barnas Turlag på Koppsåna. Foto: Tonje Ramse Trædal

## 5 Resultatvurdering av førre plan, med statusoversikt

Status for tiltaka i prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg 2015-2019.

Tiltak merka raudt er lagt til ved årlege rulleringar av handlingsprogrammet.

År	Anlegg	Anleggseigar	Totalkostnad	Spelemidlar	Status
2016	Rehabilitering av ventilasjonsanlegg i symjehallen	Åmli kommune	1 890 000 kr	Innvilga	Ferdig
2016	Nærmiljøanlegg Åmli skule: ballbinge	Åmli kommune	627 000 kr	Innvilga	Ferdig
2016	Klubbhus Dølemo skyttarlag	Dølemo skyttarlag	500 000 kr	Innvilga	Ferdig
2017	Nærmiljøanlegg Åmli skule: aktivitetselement	Åmli kommune	250 000 kr	Innvilga	Ferdig
2017	Turveg med sykkelstandard Åmli-Nissedal grense	Åmli kommune	3 315 000 kr	Innvilga	Ferdig
2017	Turveg tilrettelagt for funksjonshemma Åmfoss bru – Bjorevja marina	Åmli kommune	1 111 000 kr	Ikkje sendt	Utsett
2017	Sandhall	Åmli kommune	31 713 125 kr	Ikkje sendt	Ikkje realisert
2017	Rulleskøytebane	Dølemo IL	250 000 kr	Ikkje sendt	Utsett
2017	Rehabilitering av skytebane i Åmlihallen	Åmli pistolklubb	400 000 kr	Ikkje sendt	Utsett
2018	<b>Tursti med Via Ferrata</b>	<b>Åmli kommune</b>	<b>775 000 kr</b>	<b>Innvilga</b>	<b>Gjennomført</b>
2018	Utviding og rehabilitering av skiløype ved Åmli skule	Åmli kommune	903 125 kr	Ikkje sendt	Utsett
2018	Skileikanlegg	Åmli kommune	359 063 kr	Ikkje sendt	Utsett
2018	Utbetring og utviding av løypetrase + lys Århuskleiva-Tveit	Åmli kommune	4 306 250 kr	Ikkje sendt	Løypetrase er noko oppgradert
2018	Topp 20 kulturturar	Åmli kommune	300 000 kr	Ikkje sendt	Under arbeid
2018	Kartlegging og verdisetting av friluftsområde	Friluftsrådet Sør	150 000 kr	Ikkje sendt	Ikkje realisert

2018	Brustad grendehus: tilrettelegging for rullestolbrukarar	Åmli kommune		Ikkje sendt	Ikkje realisert
2019	Turkart for Åmli Øst og Åmli Vest	Friluftsrådet Sør	1 300 000 kr	Godkjent, ikkje innvilga	Under arbeid
2019	Elektroniske skiver Åmli skytebane	Åmli skyttarlag	192 000 kr	Ikkje sendt	Ikkje realisert
2019	Ridehall Engenes	Åmli trav- og hestesportslag	4 500 000 kr	Ikkje sendt	Utsett
2019	Rehabilitering av golv i Åmlihallen	Åmli kommune	750 000 kr	Ikkje sendt	Utsett
2019	Rehabilitering av lys skøytebanen	Dølemo IL	300 000 kr	Godkjent, ikkje innvilga	Under arbeid
2019	Skilt sykkelveg Åmli-Nissedal	Åmli kommune	200 000 kr	Innvilga	Under arbeid
2020	Grusing av fotballbane	Dølemo IL	300 000 kr		Utsett
2021	Nærmiljøanlegg rasteplass Åmli sentrum	Åmli kommune/SVV			Utsett

### Status for uprioritert liste over langsikte behov for anlegg i plan for idrett og fysisk aktivitet 2015-2019.

Kva	Korleis	Ansvar	Status
Betre tilrettelegging for menneske med spesielle behov og eldre	Det skal byggast nye eller oppgraderast to gamle anlegg til universell utforming. Fleire turvegar tilrettelagt for rullestol.	Åmli kommune	Universell utforming av gamle bygg er ikkje realisert. Turveg Åmli-Nissedal tilrettelagt for rullestol.
Legge betre til rette for meir krevjande friluftaktivitetar som for eksempel vassport, terrengsykling og skating	Hjelpe lokale lag og organisasjonar med å vidareutvikle god idear. Stille eigna areal til disposisjon og hjelpe til med å søke eksterne midlar.	Åmli kommune, lag og organisasjonar	Ny Via Ferrata og klatreløyper i Trogfjell under arbeid
Avtalar med grunneigarar om ferdsl på private vegar, legge til rette for tilgang til populære friområde	Kommunen arbeider målretta med dette gjennom heile preioden	Åmli kommune, grunneigarar	Åmli turistforum har avtalar med topp 20 turar og topp 9 kulturturar
Framleis stort fokus på breiddeidrett for barn og unge	Følgje opp støtteordninga til lag og organisasjonar i Åmli, gratis utlån av kommunale anlegg til lag og organisasjonar i kommunen	Åmli kommune	Støtteordningar oppretthalde, arbeidskrafttilskot utvida med 25 000 kr. Gratis utlån.
Legge til rette for eigenorganisert skisport	Legge til rette for løypestrasear, lys og løypekøyning	Åmli kommune og idrettslaga	Løypestrase Århuskleiva-Tveit utbetra. Kommunen har gitt 50 000 kr i tilskot til innkjøp av ny løypemaskin i Dristug
Kulturløyper	I Inger og Knuts fotspor/Engvald Bakkan	Åmli kommune	Ikkje realisert, men topp 9 kulturturar er under arbeid



			saman med Åmli turistforum
Legge til rette for gode sosiale møtestader og kulturarenaer	Utvikle kulturhus, kulturarenaer og møtestader i tilknytning til eksisterande eller nye anlegg	Åmli kommune	Ikkje realisert. Speilsalen på vgs er tatt i bruk til dans og kino + styrkerommet på vgs til aktivitet. Dette er uklart om dette blir tilgjengeleg frå hausten 2020.
Amfi ved kunstgrasbanen	Dristug I.L./Åmli kommune	Åmli sentrum, kunstgrasbanen	Ikkje realisert
Skilting til idrettsanlegg på Dølemo	Lysløype, skytebane og skøytebane på Dølemo	Åmli kommune	Ikkje realisert. Saka er tatt opp med SVV i årlege kommunemøte.
Opparbeiding av paintballbane	Disponering av grunn og tilrettelegging av område	Nelaug paintballklubb	Ikkje realisert

## 6 Vurdering av nåsituasjonen for kommunen

### 6.1 Kommunale tiltak og prosjekt retta mot barn og unge

Åmli kommune deltar i fleire prosjekt retta mot barn og unge som er relevante for folkehelse og fysisk aktivitet.

- Prosjektet «*På felles vei*» - helsefremmende barnehager og skoler (HBS) starta opp hausten 2018, og går fram til våren 2021. Prosjektet har to fokusområder: Arbeid med relasjonskompetanse og gode og inkluderande utemiljø. Følgande tiltak er gjennomført og planlagt i prosjektet:
  - Ekstern vurdering av det fysiske utemiljøet i barnehagane og på skulen
  - Kompetanseheving innan relasjonskompetanse i personalet
  - Oppretting av to 10% stillingar som aktivitørar på Åmli skule som har som oppgåve å tilrettelege for inkluderande aktivitetar i friminutta
- «*Tidlig innsats for trygg oppvekst*» blei starta opp i 2015, og prosjektet er nå over i ei driftsfase. Åmli kommune vidarefører tiltak om ein gratis fritidsaktivitet for 3.-7. klasse og utstyrsbank.

Det er tilsett ein LOS og SLT-koordinator (Samordna lokalt kriminaltiets- og rusforebyggande tiltak) i 100% stilling for å følge opp enkeltungdom som står i fare for å falle ut av vidaregåande skule. SLT-koordinator jobbar også førebyggjande med aktivitet for ungdom, slik som ungdomskveldar og aktivitetar.

Åmli kulturskulen har rundt 70 elevar frå 5-10 år og tilbod innan musikk, dans og kunst. Det har vore ei dreining mot fleire tilbod i grupper, og introduksjonstilbod for dei minste. Kulturskulen har også hatt tilbod i barnehagane.

### 6.2 lag og organisasjonar

Det er høgt aktivitetsnivå og mange aktive lag og organisasjonar i Åmli. I 2019 søkte 21 organisasjonar om kommunalt tilskot til aktivitets- og driftsstøtte, prosjektstøtte, investeringsstøtte og arrangementsstøtte.

Idrettslag, skyttarlag, Åmli speidergruppe, Skogly 4H, Åmli menighetsklubb, Åmli søndagsskule, Åmli jeger- og fiskeforeining, Åmli trav- og hestesportslag og Åmli og Nissedal motorklubb er blant dei organisasjonane som aktiviserer flest barn og unge.

Det er tre idrettslag i kommunen:

- Dristug I.L. har (2019) 100 aktive medlemmer over 26 år og 140 aktive medlemmer under 26 år. Laget har tilbud om barneidrett, fotball, løypekøyering, volleyball, gubbetrim, dametrim m.m.
- Dølemo I.L. har (2019) 46 aktive medlemmer over 26 år og 44 aktive medlemmer under 26 år. Laget har tilbud om barneidrett, trening i symjehallen, sykkel, langrenn og skøyter.
- Vardild I.L. har (2019) 33 aktive medlemmer over 26 år og 27 aktive medlemmer under 26 år. Laget har tilbud om barneidrett, fellestrim, sykkelgruppe og scootergruppe.

Åmli kommune har ikkje noko idrettsråd. Aust-Agder idrettskrets anbefaler å opprette idrettsråd dersom ein har tre eller fleire klubbar tilknytta kretsen. Idrettsrådet skal vere eit rådgivande organ og uttale seg i alle saker som har med idrett og anlegg å gjere, samt bidra til prioritering og rulling av handlingsprogram for anleggsutbygging. I Åmli har vi fire lag tilknytta idrettskretsen – dei tre idrettslaga + pistolklubben. Klubbane har ikkje sjølv ønskt å organisere seg i eit idrettsråd.

Åmli kommune hadde totalt 273 000 kr til fordeling på lag og organisasjonar i 2019. Av dette går 60% til aktivitets- og driftsstøtte, 20% til prosjektstøtte/investeringsstøtte og 20% til arrangementsstøtte.

I tillegg blir det årleg utbetalt drifts- og anleggsstøtte til idrettsorganisasjonar. Dette går i hovudsak til dekking av straumutgifter til skøytebane og lysløype på Dølemo, samt lysløypa på Selåsvatn. Straum til lysløype i Åmli sentrum går over kommunens tekniske driftsbudsjett.

Det blir også gitt arbeidskrafttilskot til idrettslag. Dette tilskotet er auka med 25 000 kr i 2019, øymerka drift av ny løypemaskin i Åmli sentrum. Tilskotet går elles til banemeister på skøytebanen på Dølemo, samt løypekøyering i dei tre idrettslaga.

### 6.3 ***Idretts- og anleggssituasjonen i Åmli***

#### **Volleyball:**

Åmli har ei lang historie med satsing og gode resultat innan volleyball, både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Fleire sandvolleyballspelarar på internasjonalt nivå har bakgrunn frå Åmli. Det har vore satsa på både breidde og toppidrett. Det er framleis eit aktivt volleyballmiljø i Åmli, men for tida noko synkende aktivitet.

Det er arenaer for volleyball i Åmlihallen og gymsalen på Åmli skule, samt utandørs sandvolleyballbaner m.a. i tilknytning til badeanlegg i Åmli sentrum, på Nelaug og i Gjovdal.

Det er behov for å rehabilitere golvet i Åmlihallen, samt betre sikring/festing av volleyballnett. Det er ønskje om å flytte sandvolleyballbanene ved sentrum friområde, då desse ligg innanfor flomsona.

Det er behov for rekruttering av trenarar og dommarar.

#### **Fotball:**

Dristug har blanda fotballag for barn f.o.m. 1. klasse, med litt varierende deltaking i dei ulike alderstrinna. Dristug har også eit herrelag i 6. divisjon.

Det er stor aktivitet på kunstgrasbanen i Åmli sentrum, samt innandørs i Åmlihallen om vinteren. Ballbingen ved Åmli skule er også mykje brukt, og det finst ein eldre ballbingen bak Åmli vgs som er mindre brukt. Grus/grasmatter til fotball finst også på Dølemo, Tveit, Gjovdal og på Nelaug.

Det er viktig med godt vedlikehald og god handtering av granulatet på kunstgrasbanen. Det er også behov for tribuner eller benkar rundt banen.

Det er behov for lys på kunstgrasbanen om kveldane vår og haust.

Det er behov for grusing av fotballbanen på Dølemo.  
Det er behov for rehabilitering av golvet i Åmlihallen.  
Det er behov for rekruttering av trenarar og dommarar.

### **Skøyter:**

Det er eit aktivt skøytemiljø på Dølemo, og skøytebanen blir nytta av innbyggjarar i heile kommunen. Aktiviteten er hovudsakleg eigenorganisert.

Dølemo IL eig og driftar skøytebanen med lys på Dølemo. Her er det også ei oppvarma skøytebu med gratis utlån av skøyter.

Det er behov for rulleskøytebane for å utvide sesongen.

### **Sykling:**

Det er eit aktivt sykkelmiljø på Dølemo.

Mykje av sykkelaktiviteten foregår i form av landevegssykling. Det er ikkje lagt til rette for terrengsykling i større skala.

Arendalsbanens Venner har tilrettelagt ein sykkelveg frå Nelaug til Arendal, der ein kan kombinere sykkelstur med togtur.

I 2019 sto ein 30 km lang turveg med sykkelstandard langs den nedlagte toglinja og gamle Telemarksveg mellom Åmli og Treungen ferdig. Prosjektet er eit samarbeid mellom Åmli og Nissedal kommune. Sykkelvegen går 85% på eigen trasè ved sidan av riksvegen.

Det er ønskeleg med ei vidareutvikling av vegen med rasteplassar og toalettanlegg, og at heile sykkelvegen går på eigen trasè utanom bilvegen.

Det er ønskeleg med ei vidareføring av sykkelvegen mellom Åmli og Nelaug, slik at ein får ein samanhengande sykkeltrasè frå Treungen til Arendal.

### **Skisport:**

Det er lysløype i Åmli sentrum, på Dølemo og på Selåsvatn. Idrettslaga eig og driftar løypemaskiner. Aktiviteten er eigenorganisert.

I 2019 kjøpte Dristug inn ny løypemaskin, og utbetra løypetraseen mellom Århuskleiva og Tveit i samarbeid med kommunen. Det blir jobba med utbetring av traseen mellom Århuskleiva og Åmli skule.

Det er private skiløyper med løypeavgift i tilknytning til hyttefeltet på Hillestadheia, og også privat løypekøyring andre stader i kommunen.


Det er moglegheit for løypekøyring på delar av sykkelvegen mellom Åmli og Treungen dersom det er praktisk gjennomførbart for laga.

Det er ønskeleg å utvikle eit skileikanlegg nær lysløypa og Åmli skule.

### **Symjehall:**

Det offentlege badet i symjehallen på Åmli skule er ope måndagar og fredagar + enkelte søndagar i vinterhalvåret. Lag, organisasjonar og ulike kommunale tenester nyttar også symjehallen til faste tider. Det er i liten grad organisert symjetilbod gjennom idrettslaga.

Symjehallen er oppgradert med nytt ventilasjonsanlegg.



### **Motorsport:**

Åmli og Nissedal motorklubb har utvikla eit motorsportsenter på Langmoen i Nissedal kommune, på grensa til Åmli. Fleire av banene er ferdige, og det er planar om fleire. Det er også planar om å bygge klubbhus. Det er både organisert og uorganisert aktivitet i anlegget store delar av året.

### **Hestesport:**

Åmli trav- og hestesportklubb har mykje aktivitet, kurs, løp og samlingar, med utgangspunkt på Åmli travbane på Engenes. Klubben har ønskje om å bygge ridehall for å kunne organisere heilårsaktivitet.

### **Skyting:**

Det er tre skyttarlag i Åmli: Dølemo, Åmli og Gjøvdal skyttarlag.

Det er ein pistolklubb; Åmli pistolklubb.

Åmli jeger- og fiskeforening organiserer også skyting.

Dølemo skyttarlag har skytebane på Dølemo med elektroniske skiver og nytt klubbhus i 2019. Skyttarlaget er aktive innan konkurranseskyting.

Åmli skyttarlag har skytebane ved Gjøvland i Åmli sentrum.

Innandørs skytebane i Åmlihallen blir nytta av alle laga. Det er ønske om å legge til rette for elektroniske skiver i Åmlihallen.

Åmli jeger- og fiskeforening ønsker å legge til rette for leirduebane, gjerne i samarbeid med andre lag.

### **Paintball:**

Nelaug Paintballklubb organiserer mange barn og unge, og samlar medlemmer både frå Åmli, Nelaug om nabokommunar. Klubben er aktiv både innan konkurransar og klubbtreningar.

Klubben har faste innandørstreningar med gummikuler (reball) i Åmlihallen annankvar helg. Klubben ønsker seg ei utandørst trenings- og konkurransebane, hovudsakleg på Nelaug slik at deltakarar frå andre kommunar kan komme dit med tog. Banen kan kombinerast med andre aktivitesflater. Paintballklubben har midlertidig brukt den nedlagte grasbanen på Engenes (næringstomt) og arenaer i andre kommunar.

### **Klatring:**

Det er ikkje eit organisert klatretilbod i Åmli, men klatring er eit tilbod reiselivsnæringa og klubbar i regionen nyttar seg aktivt av.

Det er innandørs klatrevegg i speilsalen på vgs. Tilgangen til denne frå hausten 2020 er uklar.

Det er utandørs buldrevegg (nærmiljøanlegg) ved Åmli skule.

Via Ferrata i Trogfjell blei bygd i samband med Åmli vgs. i 2009, og er eigd av Aust-Agder Fylkeskommune. Anlegget er ope for alle med rette ferdigheiter og utstyr, og det er også mogleg å leige klatreguide. I 2019 bygger Åmli kommune ein ny Via Ferrata med noko enklare ferdigheitsnivå, og dei bolta klatrerutene i fjellet blir også gjort meir tilgjengelege. Det blir i tillegg bygd nokre kortare treningstruter for barn, og skilt og tursti til Trogfjell blir oppgradert.

Det er behov for betre informasjon, koordinering og rutiner for bruk og utlån/leige av klatreutstyr til Via Ferrata.

### **Vassport:**

Det er ikkje organisert vassport i Åmli, men både Nidelva, Tovdalselva, Nelaugvatnet og andre vatn og vassdrag i kommunen ligg svært godt til rette for ulike typar vassport som kano, kajakkpadling og elvesurfing.

Åmli kommune er i startfasen av eit prosjekt saman med Nissedal, Fyresdal og Froland kommune for å sjå på moglegheiter for tilrettelegging for vassport langs heile Nidelvvassdraget, gjerne i kombinasjon med sykkelsetinga mellom Åmli og Treungen.



**Dans:**

Åmli kulturskule har fire grupper innan dans: 2 grupper i barnedans for 1.-3. klasse, 1 gruppe i showdans for 4.-7. klasse og 1 gruppe i street jazz for 8.-10. klasse. Tilbodet har aktivisert rundt 40 elevar.

Åmli ungdomslag organiserer gammaldans og swing på Elvarheim kvar torsdag.

Dansetreninga i kulturskulen har vore organisert i speilsalen på Åmli vgs. Tilgangen til dette lokalet når vgs blir lagt ned frå hausten 2020 er uklar.

**Eigenorganisert trening:**

Det finst eitt privat treningssenter i Åmli sentrum med aldersgrense 16 år. Det er også trimrom med treningsapparat på Dølehall.

Tilgangen til styrkerommet på vgs frå hausten 2020 er uklart. Det er ønskeleg at Åmli kommune overtar dette utstyret.

**Nærmiljøanlegg og leikeplassar:**

Åmli kommune har utarbeidd ein plan for utvikling av sentrum friområde med hogst og nye leikeapparat inkludert vasstrampoline, sklibane og trampoliner på land.

Åmli kommune har utarbeidd ein plan for opprusting av kommunale leikeplassar etter prioritert liste:

- Engenes
- Århuskleiva
- Skytehusrabben
- Dølemo
- Nelaug

Åmli skule og FAU har utarbeidd ein plan for utvikling av uteområdet ved Åmli skule. Ønska tiltak i prioritert rekkefølge er:

- Tre og buskar
- Benkar
- Amfi
- To husker av typen «kråkereir»
- Sklie
- Klatrepyramide

Klatrepyramide kan søkast spelemidlar til. Resten må ein ta på kommunale budsjett.

Det er etablert nærmiljøanlegg og leikeplassar ved Nelaug skule (nedlagt), Dølemo oppvekstsenter, Beverborga barnehage, Mosbeg barnehage og i Århuskleiva.

Mosberg Vel har ønske om å etablere ein ballbinge ved Mosberg barnehage. Tveit vel har utvikla ein leikeplass på Tveit.

Det er eit leikeapparat i stasjonsparken ved biblioteket. Det er ønske om å utvikle dette området med fleire apparat.

**Gang- og sykkelveggar:**

Åmli kommune har vedtatt ein trafikksikringsplan for 2016-2019. Dei fleste tiltaka her fell utanfor tema i denne planen, og er innanfor Statens Vegvesen sitt anvarsområde. Nokre tiltak kan likevel vere overlappende, som t.d. gang- og sykkelstiar.

Eit slikt tiltak er gang- og sykkelsti mellom Åmfoss bru og Engenes, som vil kunne vere inannfor både Statens Vegvesen og Åmli kommunes ansvarsområde, i kombinasjon mellom trafikkisikring og turveg.

Gang- og sykkelsti på Simonstad i samband med Biozin-etablering vil kunne falle i same kategori.

Ein vidareutvikling av sykkelvegen melloim Åmli og Treungen med rasteplassar, toalett m.m. vil også kunne vere i skjeringspunktet mellom kommunens og vegvesenets ansvarsfelt.



Padling i Åmli. Foto: Camilla Glad

#### 6.4 **Friluftsliv – aktivitet, anlegg og planar**

Naturen i Åmli ligg godt til rette for friluftsliv på mange nivå, og blir nytta både av fastbuande og tilreisande.

##### **Merka turstiar og turisthytter**

DNT Aust-Agder har fire hytter med merka løyper i Tovdal og Gjøvdal; til Grunnetjønnbu, Skarsvassbu, Mjåvasshytta.

Åmli Turistforum har gjennom sine Topp 20-turar skilta og merka mange flotte turar i ulike delar av kommunen. Informasjon om turane finst i eigen brosjyre og på kommunens heimeside under turistinformasjon.

Ein av dei mest populære Topp 20-turane er Trogfjell. I samband med bygging av ny Via Ferrata blir denne turstien oppgradert med nye skilt og informasjonstavler langs kulturstien, samt opprusting av bålplass og gapahukar på Timmeråsen.

Åmli turistforum er i gang med å vidareutvikle dette tiltaket med topp 9 kulturturar, i samarbeid med Åmli historielag og Åmli kommune. Her skal ein merke og skilte turstiar i kombinasjon med kulturminne i ulike delar av kommunen. Turane blir enkle og tilrettelagte for barn.

Åmli turistforum har også utvikla ei sentrumsløype med informasjonstavler ved ti historiske stader i Åmli sentrum. Det er laga ei eiga brosjyre til denne turen.

### Fiske- og badeplassar og gapahukar

Gjøvdal Friluftslag, Åmli jeger- og fiskeforening og lokale velforeiningar har lagt til rette for fiske- og badeplassar med lavvo og gapahuk fleire stader i kommunen. Slike anlegg finn ein mellom anna på Storesand i Gjøvdal, Vikvatn på Tveit og på badeplassen ved Nelaugvatnet. Det er også lagt til rette for gapahukar i nærleiken av skulane og barnehagane i Åmli og på Dølemo.

Oversikt over utsalsstader for fiskekort i kommunen finn ein på kommunens heimeside under turistinformasjon.

I sentrum friområde er det badeplass, tre sandvolleyballbanar og ei tennisbane, garderobar og toalettanlegg.

### Turkart og besøksstrategi

Friluftsrådet Sør gir i 2019 ut turkart for Åmli Øst og Åmli Vest med turstiar, badeplassar og anna. Både topp 20-turane og topp 9 kulturturar er med på kartet. Det blir også gitt ut eit fylldig informasjonshefte om aktivitetar og attraksjonar i Åmli.

Fylkeskommunnens miljøvernaving starta i 2018 arbeidet med ein besøksstrategi for verneområde i Åmli kommune. Bakgrunnen er at Åmli er den kommunen i landet med størst andel av verna skog. I besøksstrategien blir det lagt til rette for tiltak som kan styrke friluftsliv og lokal verdiskaping i verneområda, mellom annan innan reiseliv. Nokre av tiltaka i besøksstrategien vil vere informasjon og skilting i verneområda, samt eit mogleg formidlingssenter der ein kan finne informasjon om natur, friluftsliv, reiseliv og historie knytt til skog og utmark i Åmli.

### Aktivitetar og arrangement knytt til friluftsliv

- Barnas Turlag i Åmli arrangerer enkle turar og aktivitetar for barn opp til 12 år saman med foreldre.
- Gjøvdal Friluftslag arrangerer turar for barn og vaksne.
- Friluftsrådet i samarbeid med lokale lag og organisasjonar arrangerer kvart år Naturlos-turar i ulike delar av landsdelen, og fleire av desse er i Åmli.
- Åmli jeger- og fiskeforening arrangerer fiskefestival på Vikvatn.
- Tovdal fiskarlag arrangerer fiskefestival langs Tovdalselva.
- Friluftsrådet sør arrangerer friluftsskule og andre aktivitetar for barn og unge.



Rasteplass og turområdet på Timmeråsen. Foto: Tonje Ramse Trædal

## 6.5 Fysiske og sosiale møteplassar

Det er viktig at kommunen legg til rette for opne og uformelle møteplassar, både fysisk og sosialt. Mykje aktivitet foregår i regi av lag og organisasjonar, og er for omfattande til å nemnst her. Av kommunale tilbod kan nemnst:

- Symjehallen på Åmli skule har offentleg bad måndagar, fredagar og nokre nokre søndagar i vinterhalvåret.
- Åmli bibliotek er opne på dagtid fire dagar i veka, inkludert feriar.
- Det er bygdekino i Åmli sentrum ein gong i månaden.
- Åmli frivillingsentral arrangerer ulike aktivitetar for eldre, flyktingar/innvandrarar og andre.
- Det er opne, gratis konsertar for eldre og andre i kulturtimen på eldresenteret ein gong i månaden.
- Bygdekveld på Elvarheim i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunalt tilskot til grendehus medverkar til aktivitet i regi av lag og organisasjonar i ulike delar av kommunen.
- Kommunalt tilskot til lag og organisasjonar er med på å legge til rette for aktivitet, investeringar og arrangement for heile befolkninga.

Det er behov for å vurdere lokalar for kulturaktivitetar og sosiale møteplassar i Åmli.

Det er behov for å tilrettelegge fleire kommunale bygg og anlegg for universell utforming.

Det er behov for å vidareutvikle kommunale bygg og anlegg til gode møteplassar for heile befolkninga.



Dans i speilsalen. Foto: Tonje Ramse Trædal



## 7 Konsekvensutgreiingar

På grunn av tid og ressursar er det ikkje gjennomført nye konsekvensutgreiingar sidan førre plan.

### 7.1 *Ansvar og eigarforhold til idrettsanlegg*

Hovudtendensen når det gjeld idrettsanlegg er at kommunen bygger og driftar anlegg, mens idrettsklubbane sørgjer for aktiviteten i anlegga. Det er ulik praksis i ulike kommunar med omsyn til kven som bygger og driftar anlegga. I mange tilfelle er også idrettslag anleggseigarar. Dølemo I.L. er eigar av alle sine anlegg, medan Åmli kommune er eigar av dei fleste idrettsanlegga i Åmli sentrum. Det bør vere gratisprinsipp for bruk av anlegg for lag og foreiningar i kommunen.

Oversikt over eigarskap og drift av eksisterande idrettsanlegg i Åmli kommune (nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv er ikkje med her):

Anlegg	Eigar	Drift
Symjehallen Åmli skule	Åmli kommune	Åmli kommune
Gymsalen Åmli skule	Åmli kommune	Åmli kommune
Trimrom vgs.	Tvedestrand og Åmli vgs. til 2020	Tvedestrand og Åmli vgs.til 2020
Ballbinge vgs.	Tvedestrand og Åmli vgs. til 2020	Tvedestrand og Åmli vgs. til 2020
Speilsalen vgs.	Tvedestrand og Åmli vgs. til 2020	Tvedestrand og Åmli vgs.til 2020
Åmlihallen, fleirbrukshall	Åmli kommune	Åmli kommune
Dølemo skytebane og klubbhus	Dølemo skyttarlag	Dølemo skyttarlag
Dølehall aktivitetssal	Dølemo grendelag	Dølemo grendelag
Dølemo fotballanlegg, grusbane	Dølemo I.L.	Dølemo I.L.
Dølemo skøytebane og skøytebu	Dølemo I.L.	Dølemo I.L.
Åmli skytebane	Åmli skyttarlag	Åmli skyttarlag
Gjøvdal skule, aktivitetssal	Åmli og Gjøvdal husflidslag	Åmli og Gjøvdal husflidslag
Høgvoll kunstgrasbane	Åmli kommune	Åmli kommune
Nelaug skule: aktivitetssal	Åmli kommune	Åmli kommune
Selåsvatn idrettshus	Vardild I.L.	Varild I.L.
Gammal Via Ferrata	Agder Fylkeskommune	Agder Fylkeskommune
Ny Via Ferrata	Åmli kommune	Åmli kommune
Sykkelveg Åmli-Treungen	Åmli kommune	Åmli kommune

### 7.2 *Kapasitet og retningslinjer for utleige av idrettsanlegg*

Anlegg	Ansvar for utlån	Ansvar for sikkerheit
Symjehallen Åmli skule	Åmli skule	Åmli skule
Gymsalen Åmli skule	Åmli skule	Åmli skule
Trimrom vgs.	Tvedestrand og Åmli vgs.til 2020	Tvedestrand og Åmli vgs. til 2020
Ballbinge vgs.	Tvedestrand og Åmli vgs.til 2020	Tvedestrand og Åmli vgs. til 2020
Speilsalen vgs.	Tvedestrand og Åmli vgs.til 2020	Tvedestrand og Åmli vgs. til 2020
Åmlihallen, fleirbrukshall	Åmli kommune	Åmli kommune
Dølemo skytebane og klubbhus	Dølemo skyttarlag	Dølemo skyttarlag
Høgvoll kunstgrasbane	Åmli kommune	Åmli kommune
Dølehall aktivitetssal	Dølemo grendelag	Dølemo grendelag
Dølemo fotballanlegg, grusbane	Dølemo I.L.	Dølemo I.L.
Dølemo skøytebane og skøytebu	Ope for alle. Dølemo I.L.	Dølemo I.L.
Høgevoll kunstgrasbane	Åmli kommune	Åmli kommune

Gjøvdal skule, aktivitetssal	Åmli og Gjøvdal husflidslag	Åmli og Gjøvdal husflidslag
Nelaug skule: aktivitetssal	Åmli kommune/Nelaug Vel	Åmli kommune/Nelaug Vel
Selåavatn idrettshus	Vardild I.L.	Vardild I.L.
Gammal Via Ferrata	Ope for alle. Guiding av private aktørar	Agder fylkeskommune
Ny Via Ferrata	Ope for alle. Guiding av private aktørar	Åmli kommune
Sykkelveg Åmli-Treungen	Ope for alle	Åmli kommune

Det er utarbeidd retningsliner for utlån og utleige av Åmlihallen, med felles søknadsfrist. Halltider blir fordelt av SLT-kordinator. Det er også felles søknadsfrist for utlån og utleige av symjehallen på Åmli skule. Tid i symjehallen blir fordelt av Åmli skule.

Bruk av dei andre idrettsanlegga blir avtalt med dei laga som har ansvar for desse. Avtale for bruk av Tvedestrand og Åmli vgs. sine anlegg blir avtalt direkte med skulen fram til 2020. Etter dette er eigarskap og ansvar usikkert.

Utandørs anlegg er fritt tilgjengeleg for alle.

### 7.3 Aktivitetstilbod og behov

Ein bør kartlegge aktivitetstilbodet i Åmli kommune i forhold til behov og ønskje i befolkninga med tanke på tanke på å gje eit godt tilbod til alle grupper i befolkninga. Ein bør spesielt sjå på aktivitetstilbodet i forhold til levekårsutfordringar i Åmli kommune. Planen skal vurdere dagens tilbod opp mot behov og ønskje, og sjå på eventuell tilrettelegging og utvikling av nye tilbod.

### 7.4 Universell utforming

Anlegg med universell utforming (her er også tatt med utvalde friluftsanlegg<sup>1</sup>)

Anlegg	Universell utforming
Symjehallen Åmli skule	Tilrettelagt. Heis for funksjonshemma, inngang 1. etg.
Gymsalen Åmli skule	Ikkje tilrettelagt
Speilsalen vgs.	Delvis tilrettelagt. Inngang 1. etg., ikkje handicptoalett
Åmlihallen, fleirbrukshall	Tilrettelagt. Inngang 1. etg, handicptoalett, heis
Dølemo aktivitetssal	Ikkje tilrettelagt
Dølemo skøytebu	Tilrettelagt. Handicptoalett
Gjøvdal skule, aktivitetssal	Ikkje tilrettelagt
Nelaug skule: aktivitetssal	Delvis tilrettelagt. Inngang 1. etg., men trapper til garderobar
Sentrum friluftsområde	Delvis tilrettelagt
Nelaug friluftsområde	Delvis tilrettelagt
Vikvatn fiskeplass	Delvis tilrettelagt
Klubbhus Dølemo skyttarlag	Ikkje tilrettelagt
Sykkelveg Åmli-Treungen	Tilrettelat. Grus/asfalt, lite stigning, tilgjengeleg for rullestol.

<sup>1</sup> Jfr. Friluftsrådet sør sin gjennomgang av Nelaug friluftsområde, Vikvatn fiskeplass og Åmli friluftsområde m.o.t. universell utforming

## 8 Vurdering av framtidige behov og tiltak innan idrett og fysisk aktivitet

### 8.1 Anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Behov og tiltak	Ansvar
Avklaring av eigarskap og bruk av lokala etter Tvedestrand og Åmli vgs. avd. Åmli frå hausten 2020, spesielt speilsalen, styrketreningsrommet og utstyr som står her.	Åmli kommune/Fylkeskommunen
Avklaring av total salkapasitet for idrett og fysisk aktivitet, samt dans i kulturskulen.	Åmli kommune
Rehabilitering av golv og bolting av volleyballnett i Åmlihallen.	Åmli kommune
Grusing av fotballbanen på Dølemo.	Dølemo IL
Flytting av sandvolleyballbaner i sentrum friområde.	Åmli kommune
Rulleskøytebane på Dølemo.	Dølemo I.L.
Vidareutvikling av sykkelvegen mellom Åmli og Treungen med rasteplassar, toalett og eigen sykkeltrasè heile veggen.	Åmli kommune og SVV
Bygge ut sykkelveg langs gamle Telemarksveg mellom Åmli og Nelaug slik at ein får samanhengande sykkelrute frå Treungen til Arendal.	Åmli kommune og SVV
Utbetre skiløypenettet med lys og betre trasè i Åmli sentrum mellom Århuskleiva og Åmli skule.	Dristug I.L.
Rehabilitering av lysløypa ved Åmli skule.	Dristug I.L.
Etablering av skileikanlegg ved lysløypa og Åmli skule.	Åmli kommune
Vidareutvikling av skiløypenettet på Tveit, mot Tveitheia, delar av sykkelvegen mot Treungen eller andre sentrumsnære område.	Dristug I.L.
Ridehall for heilårs hestesport.	Åmli trav- og hestesportslag
Elektroniske skiver på skytebanen i Åmlihallen.	Åmli, Dølemo og Gjøvdal skyttarlag. Åmli JFF
Etablering av leirduebane	Åmli, Dølemo og Gjøvdal skyttarlag. Åmli JFF
Etablering av permanent trenings- og konkurransebane for paintball på Nelaug.	Nelaug paintballklubb og andre lag
Betre tilrettelegging for padling og etablering av vassportanlegg langs Nidelva.	Åmli kommune og nabokommunar
Utbetring og bygging av leikeplassar og nærmiljø i tilknytning til bustadområde etter prioritert plan.	Åmli kommune
Utbetring av sentrum friområde etter prioritert plan	Åmli kommune
Etablering av nærmiljøanlegg, leikeapparat og annan tilrettelegging av uteområdet ved Åmli skule etter prioritert plan.	Åmli kommune
Etablering av ballbinge ved Mosberg barnehage.	Mosberg Vel
Etablering av gang- og sykkelveg/turveg frå Åmfoss bru til Engenes og sentrum friområde.	Åmli kommune/SVV
Etablering av gang- og sykkelveg på Simonstad.	Åm li kommune/SVV

Merking og skilting av topp 9 kulturturar.	Åmli turistforum, Åmli historielag og Åmli kommune
Gjennomføring av tiltak i besøksstrategi for verneområde.	Fylkesmannen
Vidareutvikle stasjonsparken med fleire aktivitetselement for barn og unge.	Åmli kommune
Tilrettelegging av idrettsanlegg og offentlege møtestader for universell utforming.	Åmli kommune

## 8.2 Annan tilrettelegging

Behov og tiltak	Ansvar
Gode rutinar og budsjettmidlar til vedlikehald av idrettsanlegg.	Anleggseigarar
Gode rutinar for kontroll av sikkerheit av idrettsanlegg.	Anleggseigarar
Rekruttering av trenarar og dommarar til lagidrettar.	Lag og organisasjonar
God informasjon og gode rutinar for bruk av Via Ferrata og utlån/leige av guidar og klatreutstyr.	Anleggseigarar
Godt, tilstrekkeleg og føreseieleg lys ved utandørs idrettsanlegg i mørke årstider.	Anleggseigarar
Koordinering tilbod til leige sykkel og kano for å kombinere sykling og padling mellom Åmli og Treungen.	Åmli kommune og reiselivsnæringa
Informere om aktivitetar og arrangement knytt til idrett og friluftsliv.	Åmli kommune og arrangørar
Gode rammevilkår og tilskot til lag og organisasjonar.	Åmli kommune
Vidareutvikling av ordning med gratis fritidsaktivitet og utstyrsbank.	Åmli kommune
Legge til rette for sosiale møteplassar.	Åmli kommune, lag og organisasjonar
Legge til rette for og vidareutvikle eksisterande anlegg til fleirbruksanlegg og sosiale møteplassar.	Åmli kommune, lag og organisasjonar
Vidareutvikle og etablere nye anlegg for lågterskeltilbod og eigenorganisert aktivitet.	Åmli kommune, lag og organisasjonar
Vidareutvikle og etablere nye anlegg tilpassa barn og unges behov for variasjon og utfordring, i tråd med gjeldande aktivitetstrendar	Åmli kommune, lag og organisasjonar.





## Del 2

### 1 Prioritert handlingsprogram for utbygging av idretts- og friluftsanlegg

Anlegg	Anleggseigar	Stad / mål	Bygge-start	Investerings-kostnader	Finansiering
Turkarat for Åmli Vest med turguide	Friluftsrådet Sør	Åmli Vest	2019 Fornya søknad 2020	Totalkostnad 702 125	Eigenkapital Friluftsrådet Sør: 280 125 Dugnad Friluftsrådet Sør: 189 000 Spelemidlar: 233 000
Turkart for Åmli Øst	Friluftsrådet Sør	Åmli Øst	2019 Fornya søknad 2020	Totalkostnad 702 125	Eigenkapital Friluftsrådet Sør: 280 125 Dugnad Friluftsrådet Sør: 189 000 Spelemidlar: 233 000
Skilt topp 9 kulturturar	Åmli kommune i samarbeid med Åmli turistforum	Heile kommunen	2020	Totalkostnad: 300 000	Eigenkapital/dugnad: 150 000 Spelemidlar: 150 000
Nærmiljøanlegg: Ballbinge	Mosbeg Vel	Mosberg barnehage	2021	Må bereknast	
Elektroniske skiver, skytebanen i Åmlihallen	Åmli og Dølemo skyttarlag	Åmlihallen	2021	Må bereknast	
Utviding og rehabilitering av skiløype Åmli skule inkl. skifting av lys	Dristug IL	Ved Åmli skule. Rehabilitering: 1400 m utviding/nyalnegg: 300 m	2021	Totalkostnad: 903 125 (pris ikkje oppdatert)	Eigenkapital/lån: 361 000 Eigenkapital mva-kompensasjon: 174 625 Dugnad: 67 500 Spelemidlar: 300 000
Rehabilitering av skiløype Århuskleiva – Åmli skule	Dristug IL/Åmli kommune		2021	Må bereknast	
Rehabilitering av golv, Åmlihallen	Åmli kommune	Åmlihallen	2021	Må bereknast	
Nærmiljøanlegg Åmli skule: Klatrepyramide	Åmli kommune	Åmli skule	2021	Må bereknast	
Nærmiljøanlegg Stasjonsparken	Åmli kommune	Stasjonsparken	2022	Må bereknast	
Nærmiljøanlegg leikeplassar Åmli	Åmli kommune	Århuskleiva øvre Engenes boligfelt Århuskleiva Skytehusrabben Dølemo Nelaug	2022-2023 i prioritert rekkefølge	Totalkostnad: 650 000	
Grusing av fotballbane	Dølemo IL	Dølemo idrettsanlegg	2022	Må bereknast	
Ridehall	Åmli trav- og hestesportslag	Engenes travbane	2022	Må bereknast	

Sykkelveg Treungen: videreføring eigen trasè og tilrettelegging	Åmli kommune	Frå Krossbekk til Åmli sentrum + utvalde stader	2022	Må bereknast	
Nidelva padleanlegg interkommunalt anlegg	Åmli, Nissedal og Froland og Fyresdal kommunar	Nidelva frå Treungen til Arendal	2022	Må bereknast	
Skileikanlegg	Åmli kommune	Ved kunstgrasbanen/ Åmlihallen	2023	Totalkostnad: 359 063 Pris ikkje oppdatert	Eigenkapital: 107 719 Eigenkapital mva-kompensasjon: 71 813 Spelemidlar: 179 531
Rulleskøytebane	Dølemo I.L.	Dølemo idrettspark, 200m-bane	2023	Totalkostnad: 250 000	Eigenkapital: 124 500 Eigenkapital mva-kompensasjon: 41 500 Spelemidlar: 83 000
Utbetring og utviding av løypestrasse + lys	Åmli kommune	Århuskleiva – Tveit	2023	Totalkostnad: 4 306 250 Pris ikkje oppdatert	Eigenkapital/lån: 2 157 000 Eigenkapital mva-kompensasjon: 849 250 Spelemidlar lys: 1 000 000 Spelemidlar løype: 300 000
Turveg Åmfoss bru-sentrum friområde	Åmli kommune	Åmfoss bru-sentrum friområde	2024	Må bereknast	
Nærmiljøanlegg: Street workout	Åmli kommune	Sentrum friområde	2024	Må bereknast	
Turveg Åmfoss bru-Hegna marinaen tilrettelagt for rullestol	Åmli kommune	Åmfoss bru – Bjorevja marina/Hegna	2024	Må bereknast	



## 2 Idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsområde i Åmli kommune registrert i anleggsregisteret.no

Anleggsnavn	Sted	Eier
Skilt Topp 9 kulturturar	Åmli kommune Telemarksvegen Åmli-Nissedal	ÅMLI KOMMUNE
Skilt til sykkelveg Åmli-Nissedal grense	grense	ÅMLI KOMMUNE
Turkart Åmli Øst	Åmli Øst	FRILUFTSRÅDET SØR
Turkart Åmli Vest	Åmli Vest	FRILUFTSRÅDET SØR
Åmli sentralskule – ballbinge	Åmli sentralskule	ÅMLI KOMMUNE
Åmli sentralskule – buldrevegg	Åmli sentralskule	ÅMLI KOMMUNE
Dølemo idrettspark	Dølemo idrettspark	DØLEMO IDRETTSLAG
Åmli nærmiljøanlegg - Basketballbane	Åmli sentrum friområde	ÅMLI KOMMUNE
Åmli nærmiljøanlegg - Tennisbane	Åmli sentrum friområde	ÅMLI KOMMUNE
Nelaug skole nærmiljøanlegg balløkke	Nelaug skole	ÅMLI KOMMUNE
Engenes nærmiljøanlegg	Engenes stadion	ÅMLI KOMMUNE
Nelaug friluftsområde sandvolleyballbane	Nelaug friluftsområde	NELAU VEL
Åmlihallen nærmiljøanlegg skateboardram	Åmlihallen	ÅMLI KOMMUNE ÅMLI JEGER- OG FISKEFORENING
Vikvatn lavvo	Vikvatn	Åmli Jeger- og Fiskeforening
Århuskleiva - Ballbinge Nærmiljøanlegg	Århuskleiva	Århuskleiva Vellag
Åmli videregående skule - Ballbinge	Åmli videregående skole	TVEDESTRAND KOMMUNE
Dølemo skytebane	Dølemo skytebane	DØLEMO SKYTTLARLAG
Århuskleiva nærmiljøanlegg skileik	Skileikanlegg Århuskleiva	Århuskleiva Vellag
Grunnetjørnsbu-Granbustøyl	Grunnetjørnsbu	AUST-AGDER TURISTFORENING
Åmli skytebane – elgbane	Åmli skytebane	ÅMLI SKYTTERLAG
Åmli skytebane	Åmli skytebane	ÅMLI SKYTTERLAG
Tursti med Via Ferrata i Trogfjell	Trogfjell	ÅMLI KOMMUNE
Aktivitetselement	Åmli sentralskule	ÅMLI KOMMUNE
Sandhall	Åmlihallen	ÅMLI KOMMUNE
Dølemo skytebane klubbhus	Dølemo skytebane	DØLEMO SKYTTLARLAG
Grunnetjørnsbu sikringshytte	Grunnetjørnsbu	AUST-AGDER TURISTFORENING
Turløype Åmli sentrum – Tveit	Åmli - Tveit	ÅMLI KOMMUNE
Turkart Arendalsvassdraget Vrådal-Arenda	Arendalsvassdraget	FRILUFTSRÅDET SØR
Nelaug - Arendal sykkelrute	Nelaug skole	ARENDAALSANENS VENNER
Engenes treningsbane - Ballvegg m.m.	Engenes stadion	ÅMLI KOMMUNE
Åmli skole nærmiljøanlegg sandvolleyball	Åmli sentralskule	ÅMLI KOMMUNE
Åmli skole nærmiljøanlegg sandvolleyball	Åmli sentralskule	ÅMLI KOMMUNE
Åmli skole nærmiljøanlegg balløkke	Åmli sentralskule	ÅMLI KOMMUNE
Turveg med sykkelstandard Åmli-Nissedal grense	Telemarksvegen Åmli-Nissedal grense	ÅMLI KOMMUNE
Høgvoll fotball/kunstgressbane	Høgvoll kunstgressbane	ÅMLI KOMMUNE
Gjøvdal skytebane	Gjøvdal skytebane	ÅMLI KOMMUNE
Hauglandsbakken	Hauglandsbakken	IDRETTSLAGET DRISTUG
Grunnetjørnsbu-vindilhytta	Grunnetjørnsbu	AUST-AGDER TURISTFORENING

Grunnetjørnsbu  
O-kart Hovde  
Tveit  
Tovdal skole

Tovdal skole

Åmli alpinsenter -snøbrettanlegg  
Imetjønn  
Nelaug skole  
Nelaug skole

Nelaug skole  
Tverrstøyl o-kart  
Åmli sentrum –sandvolleyball  
Åmli sentrum nærmiljøanlegg  
Skytehusrabben rek. hoppbakke  
Tveitheia tur/skiløype  
Århuskleiva nærmiljøanlegg  
Tveita/Trogfjell mm turkart  
Vindilhytta – mjåvasshytta  
Vindilhytta – granbustøyl  
Vindilhytta  
Vimme orienteringskart  
Åmlihallen

Åmlihallen  
Åmlihallen  
Åmli videregående skole

Åmli videregående skole  
Åmli videregående skole  
Åmli sentralskule

Åmli sentralskule  
Åmli sentralskule  
Åmli alpinsenter  
Åmli alpinsenter  
Åmli alpinsenter  
Mjåvasshytta – hengeltjørlofte  
Mjåvasshytta  
Lillemo  
Langrennsanlegg  
Langrennsanlegg  
Selåsvatn skiløype  
Skarvassbu – grunnetjørnsbu  
Skarvassbu  
Dølemo-skarvassbu

Grunnetjørnsbu  
Hovde  
Tveit  
Tovdal skole

Tovdal skole

Åmli alpinsenter  
Imetjønn  
Nelaug skole  
Nelaug skole

Nelaug skole  
Tverrstøyl o-kart  
Åmli sentrum friområde  
Åmli sentrum friområde  
Skytehusrabben  
Tveitheia  
Århuskleiva  
Tveita/Trogfjell mm  
Vindilhytta  
Vindilhytta  
Vindilhytta  
Vimme orienteringskart  
Åmlihallen

Åmlihallen  
Åmli sentralskule  
Åmli videregående skole

Åmli videregående skole  
Åmli videregående skole  
Åmli sentralskule

Åmli sentralskule  
Åmli sentralskule  
Åmli alpinsenter  
Åmli alpinsenter  
Åmli alpinsenter  
Mjåvasshytta  
Mjåvasshytta  
Lillemo  
Langrennsanlegg  
Langrennsanlegg  
Selåsvatn  
Skarvassbu  
Skarvassbu  
Skarvassbu

ÅUST-AGDER TURISTFORENI  
IDRETTLAGET SØRFJELL  
IDRETTLAGET DRISTUG  
ÅMLI KOMMUNE

ÅMLI KOMMUNE

Åmli Alpinsenter A/S  
IDRETTLAGET DRISTUG  
ÅMLI KOMMUNE  
ÅMLI KOMMUNE

ÅMLI KOMMUNE  
IDRETTLAGET DRISTUG  
ÅMLI KOMMUNE  
ÅMLI KOMMUNE  
IDRETTLAGET DRISTUG  
ÅMLI KOMMUNE  
ÅMLI KOMMUNE  
ÅMLI KOMMUNE

ÅUST-AGDER TURISTFORENI  
ÅUST-AGDER TURISTFORENI  
ÅUST-AGDER TURISTFORENI  
VARDILD IL  
ÅMLI KOMMUNE

ÅMLI KOMMUNE  
ÅMLI KOMMUNE  
ÅUST-AGDER FYLKESKOMMUNE

ÅUST-AGDER FYLKESKOMMUNE  
ÅUST-AGDER FYLKESKOMMUNE  
ÅMLI KOMMUNE

ÅMLI KOMMUNE  
ÅMLI KOMMUNE  
Åmli Alpinsenter A/S  
Åmli Alpinsenter A/S  
Åmli Alpinsenter A/S  
ÅUST-AGDER TURISTFORENI  
ÅUST-AGDER TURISTFORENI  
IDRETTLAGET DRISTUG  
IDRETTLAGET DRISTUG  
IDRETTLAGET DRISTUG  
VARDILD IL  
ÅUST-AGDER TURISTFORENI  
ÅUST-AGDER TURISTFORENI  
ÅUST-AGDER TURISTFORENI



Dølemo skytebane  
Dølemo skytebane  
Dølemo skytebane  
Dølemo  
Dølemo  
Dølemo  
Dølemo  
Dølemo  
Dølemo  
Dølemo

Dølemo  
Børtinghusbakken  
Engenes stadion fotballbane  
Folldalen  
Gjøvdal skole  
Gjøvdal skole

Gjøvdal skole  
Austheiene løype  
Langmyrdalen  
Mjåvasshytta – sikringshytte  
Måvasshytta – sikringshytte  
Sigridnes  
Selåsvann  
Selåsvann  
Selåsvann  
Selåsvann  
Øy grendehus  
Elvarheim ungdomshus  
Gjermones padleanlegg  
Engenes stadion garderobe og klubbhus  
Hovdebanen  
Århuskleiva tennis og volleyballbane  
Åmli alpinsenter storslalåmbakke  
Åmli alpinsenter bakke  
Dølemo idrettspark skøytebane  
Grevstobakken

Dølemo skytebane  
Dølemo skytebane  
Dølemo skytebane  
Dølemo idrettspark  
Dølemo idrettspark  
Dølemo idrettspark  
Dølemo idrettspark  
Dølemo idrettspark  
Dølemo idrettspark  
Dølemo idrettspark  
Dølemo idrettspark

Dølemo idrettspark  
Børtinghusbakken  
Engenes stadion  
Folldalen  
Gjøvdal skole  
Gjøvdal skole

Gjøvdal skole  
Austheiene løype  
Langmyrdalen  
Mjåvasshytta  
Mjåvasshytta  
Sigridnes  
Selåsvann  
Selåsvatn  
Selåsvatn  
Selåsvatn  
Øy  
Elvarheim  
Gjermonesbrua padleanlegg  
Engenes stadion  
Selåsvatn  
Århuskleiva  
Åmli alpinsenter  
Åmli alpinsenter  
Dølemo idrettspark  
Grevstobakken

DØLEMO SKYTTARLAG  
DØLEMO SKYTTARLAG  
DØLEMO SKYTTARLAG  
DØLEMO IDRETTSLAG  
DØLEMO IDRETTSLAG  
DØLEMO IDRETTSLAG  
DØLEMO IDRETTSLAG  
DØLEMO IDRETTSLAG  
DØLEMO IDRETTSLAG  
DØLEMO IDRETTSLAG  
DØLEMO IDRETTSLAG

DØLEMO IDRETTSLAG  
IDRETTSLAGET DRISTUG  
ÅMLI KOMMUNE  
VARDILD IL  
ÅMLI KOMMUNE  
ÅMLI KOMMUNE

ÅMLI KOMMUNE  
AUST-AGDER TURISTFORENING  
VARDILD IL  
AUST-AGDER TURISTFORENING  
AUST-AGDER TURISTFORENING  
IDRETTSLAGET DRISTUG  
VARDILD IL  
VARDILD IL  
VARDILD IL  
VARDILD IL  
Øy vel  
ÅMLI KOMMUNE  
NIDELVA PADLEKLUBB  
ÅMLI KOMMUNE  
VARDILD IL  
ÅMLI KOMMUNE  
Åmli Alpinsenter A/S  
Åmli Alpinsenter A/S  
DØLEMO IDRETTSLAG  
IDRETTSLAGET DRISTUG

